

NotatDato: 24.08.2018
Arkivsak: 2018/13655-1
Saksbehandlar: torrutl

Til: Administrasjonsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Stabsundersøkinga 2018 – resultat og oppfølging**Bakgrunn**

I mai 2018 gjennomførte Hordaland fylkeskommune ei elektronisk undersøking blant leiarar og hovudtillitsvalde, om erfaringane deira med fylkeskommunen sine stabseiningar. Undersøkinga er gjennomført av regionalavdelinga i samarbeid med økonomi- og organisasjonsavdelinga. Formålet er å kartlegge sentrale forhold knytt til opplevinga av stabane i HFK, samt å peike på rom for utvikling og forbetring.

Undersøkinga vart gjennomført i mai og juni 2018. Resultata gjev ein peikepinn på korleis dei ulike einingane oppfatar kvaliteten på samarbeidet med stabane.

Det er skilnad i kor ofte leiarar i HFK er i kontakt med ulike funksjonar under Organisasjons- og økonomiavdelinga og Eigedomsavdelinga:

- Nær eller over 60 prosent er i kontakt med IT, Eigedom, informasjons- og servicesenteret, samt HR løn, rekruttering og kompetanse minst kvart halvår, og opp mot eller over 30 prosent er i kontakt minimum kvar månad.
- Nokre, slik som innkjøp og bedriftshelsetenesta, har ikkje så mange som er i kontakt med dei månadleg, men derimot ein stor del som er i kontakt minst ein gong i halvåret.

Det store skilnader mellom sektorane når det gjeld kva type tenester ein får frå stabane, og kven som etterspør dei. Det er relativt likt når det gjeld dei mest brukte tenestene, bortsett frå at fylkesadministrasjonen langt oftare er i kontakt med IT-seksjonen, HR rekruttering og informasjons- og servicesenteret. For tenestene til kommunikasjon, fylkessekretariatet, budsjettseksjonen, fylkeskassen og innkjøp, er det nesten utelukkande leiarar i fylkesadministrasjonen som er i kontakt i særleg grad.

Resultata frå undersøkinga vart presenterte for leiarane i stabseiningane i august 2018. Undersøkinga skal vidare gjennomgåast og følgast opp ute i einingane.

Det vart sist utført ei liknande undersøking i 2015, men denne avvik metodisk frå 2018-utgåva. Resultata er soleis ikkje enkelt samanliknbare, og difor vil ikkje den tidlegare undersøkinga trekkast inn i presentasjonen av 2018-resultata.

Hovudfunn i undersøkinga

Totalt har 280 leiarar og hovudtillitsvalde svart på heile undersøkinga, medan 48 har svart på delar. Det gir ein svarprosent på 59, med ytterlegare 13 prosent som har gjeve nokre svar. Fylkesrådmannen vurderer

grunnlaget som godt nok til at resultatene har ein verdi. I vurderinga av einingane vart respondentane spurde om å gje vurderingar på ein skala frå 1 til 5, der 1 tilsvarar «særs lite tilfreds» og 5 tilsvarar «særs tilfreds». Snittresultatet for einingane i Økonomi og organisasjonsavdelinga og Eigedom er 4,2, mot ei målsetting på 4,0. Fleire einingar skårar over snittet, medan nokre få skårar rett under 4,0.

Fylkesrådmannen vil ikkje gå i detalj på seksjonsresultata, men her følgjer ein gjennomgang av dei sentrale, overordna funna:

I *Verksemdstrategi for Hordaland fylkeskommune 2016–2020* står det at «Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal vere ein aktiv samarbeidspartnar for fagavdelingane i Hordaland fylkeskommune...». Leiarar i alle tre sektorar (skule, tannhelse og fylkesadministrasjonen inkludert Skyss og Bybanen utbygging) er jamt over samde i at dei tilsette i økonomi- og organisasjonsavdelinga er gode samarbeidspartnarar i deira arbeid/rolle som leiarar.

- Snitta er høvesvis:
 - > Skule: 4,4
 - > Tannhelse: 4,2
 - > Fylkesadministrasjonen: 4,3
 - > Samla: 4,3
- 54 % i skulesektoren, 65 % innan tannhelse og 80 % i fylkesadministrasjonen svarar 4 eller 5 på dette spørsmålet.

Samarbeid er eit overordna mål i HFK. I *Verksemdstrategi for Hordaland fylkeskommune 2016–2020* står det i punkt 1.2 under *Strategiar for overordna mål* at Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal «Fremje intern samhandling og koordinering av aktivitetar». Leiarar i alle tre sektorar er jamt over samde i påstanda om at det er mogleg å få til samarbeid på tvers av administrative inndelingar og fagområde i fylkeskommunen ved behov.

- Snitta er høvesvis:
 - > Skule: 4,5
 - > Tannhelse: 4,4
 - > Fylkesadministrasjonen: 4,2
 - > Samla: 4,5

Det vart vidare stilt spørsmål ved om respondentane har tilgang til dei naudsynte verktøya som trengst for å sikre god og effektiv drift innanfor ansvarsområda sine. Snitt-svaret på dette spørsmålet er opp mot eller over 4 for alle tre sektorar:

- > Skule: 4,1
- > Tannhelse: 3,8
- > Fylkesadministrasjonen: 3,9
- > Samla: 4,0

Oppfølging av undersøkinga

Leiarane i stabseiningane har hatt ein samla gjennomgang av undersøkinga. Resultata vil nyttast internt i einingane til å finne forbettringspunkt, og for å sikre at kvaliteten på stabsarbeidet er på eit stabilt, høgt nivå. Det er likt til at neste stabsundersøking vil gå føre seg etter opprettinga av Vestland fylkeskommune, noko som vil legge vesentlege føringar for dette arbeidet.